



MØTEPROTOKOLL ELDRERÅDET

Møtedato: 22.10.2020
Møtestad: Formannskapssalen, Heradshuset
Møtetid: 12:30 - 15:30

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Heidi Rongved	AP	Utvalsleiar
Agnar Sellevold		Nestleiar
Mona Grenasberg	SV	Medlem
Ragnhild Margrethe Falch Vatle		Medlem
Anna Bruvik		Medlem

Andre møtande:

Solrun Hauglum, sekretær og kommunalsjef.

Åse Elin Myking, assisterande rådmann, var til stades og orienterte under sak 21/2020.

Helge Berset, kommunalsjef Samfunnsutvikling, deltok under første eventueltsak.

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
15/2020	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
16/2020	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
17/2020	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR
18/2020	REFERATSAKER OG MELDINGAR
19/2020	HØYRING - KOMMUNAL PLANSTRATEGI 2020-2024
20/2020	TIL HØYRING - FORSKRIFT OM GODTGJERSLE FOR FOLKEVALDE
21/2020	HANDLINGSPROGRAM OG ØKONOMIPLAN 2021 -2024 - TIL UTTALE



Vaksdal kommune



15/2020: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Eldrerådet 22.10.2020

Behandling:

ELD - sak 15/2020 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

16/2020: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Eldrerådet 22.10.2020

Behandling:

ELD - sak 16/2020 Vedtak/Tilråding:

Protokollen vert godkjent med ei retting under eventuelt: Det er Pensjonistutvalet i Fagforbundet som har søkt midlar frå Sparebanken til benkar ved tursti.

17/2020: DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert teke til orientering.

Eldrerådet 22.10.2020



Behandling:

Kommunalsjef Solrun Hauglum orienterte om status for byggjeprojektet på Jamne på Vaksdal.

ELD - sak 17/2020 Vedtak/Tilråding:

Saka vert teken til orientering.

18/2020: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering.

Eldrerådet 22.10.2020

Behandling:

ELD - sak 18/2020 Vedtak/Tilråding:

Referatsakene vert tatt til orientering, og Eldrerådet ber sekretær undersøkje om Råd for menneske med nedsett funksjonsevne kan delta på kurs om velferdsteknologi i regi av Pensjonistforbundet.

19/2020: HØYRING - KOMMUNAL PLANSTRATEGI 2020-2024

Framlegg til høyringsuttale frå utvalet/rådet:

Utvalet/rådet tek saka til orientering og gjev følgjande innspel:

Eldrerådet 22.10.2020

Behandling:

ELD - sak 19/2020 Vedtak/Tilråding:

Utvalet/rådet tek saka til orientering og gjev følgjande innspel: I tilknytning til satsing på aldersvenleg samfunn ønskjer Eldrerådet at det vert bygt lettstelte leilegheiter som eldre kan leiga eller kjøpa, og at det vert tilrettelagt for møteplassar og for universelt utforma nærmiljø. Det må også takast omsyn til støy i områdeplanar då støy gir konsekvensar for folkehelsa.



Bygdeutviklingsutvalet 10.11.2020

Behandling:

Utvalet drøfta saka.

Områder som vart spelt inn:

- Eigen folketalsutviklingsplan
- Klima og miljøplan
- Kulturplan

BYG - sak 27/2020 Vedtak/Tilråding:

Utvalet tek saka til orientering.

Levekårsutvalet 10.11.2020

Behandling:

Utvalet tok samrøystes høyringsframlegget til orientering.

LEV - sak 29/2020 Vedtak/Tilråding:

Utvalet tek saka til orientering.

20/2020: TIL HØYRING - FORSKRIFT OM GODTGJERSLE FOR FOLKEVALDE

Framlegg til høyringsuttale frå utvalet/rådet:

Utvalet/rådet tar saka til orientering og gjev følgjande uttale:

Eldrerådet 22.10.2020

Behandling:

ELD - sak 20/2020 Vedtak/Tilråding:

Utvalet/rådet tek saka til orientering.

Bygdeutviklingsutvalet 10.11.2020

Behandling:



BYG - sak 28/2020 Vedtak/Tilråding:

Utvalet tek saka til etterretning

Levekårsutvalet 10.11.2020

Behandling:

Utvalet tok samrøystes høringsframlegget til orientering.

LEV - sak 30/2020 Vedtak/Tilråding:

Utvalet tek saka til orientering.

21/2020: HANDLINGSPROGRAM OG ØKONOMIPLAN 2021 -2024 - TIL UTTALE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utvalet/rådet tek saka til orientering og gjev følgjande uttale:

Eldrerådet 22.10.2020

Behandling:

ELD - sak 21/2020 Vedtak/Tilråding:

Utvalet/rådet tek saka til orientering og gjev følgjande uttale: Eldrerådet viser til satsinga på aldersvenleg samfunn og trong for lettstelte og tilrettelagde leilegheiter i kommunen og ber kommunestyret ta inn att prosjekt bustadar Jamne i økonomiplanen



Eventuelt:

- Tilretteleggt tursti sentrumsnært til Dale. Helge Berset, kommunalsjef for Samfunnsutvikling, orienterte om at Samfunnsutvikling vil bidra til grusing av plassane der benkane skal stå og ber om punktvis oppsett over kva som må gjerast av tilrettelegging. Avdelingsleiar Torstein Mehus kan kontaktast direkte angående grusing, og liste over tiltak/tilrettelegging vert sendt via leiar og sekretær for Eldrerådet. Saka kan eventuelt takast opp att i samband med behandling av Budsjett 2021.
- Innspel til rutetider - Skyss. Eldrerådet gir slikt innspel: Eldrerådet ønskjer at bussar må korrespondera med tog, og at det er kommunikasjon mellom buss og tog slik at ein kan venta på kvarandre ved forseinkingar.
- Den kulturelle spaserstokken. Ein har klart å tiletteleggja for arrangement og konsertar i haust, m.a. ved å ha mindre grupper av tilhøyrarar. Det er oppsett konsertar på Dale og Vaksdal i veke 47, 48, 49 og 51.